

From: Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>
Sent: mandag 3. januar 2022 18:55
To: Erlend Trones
Cc: Postmottak Alver
Subject: Re: Seilfaldet eller Seilfallet .. eller Segl... ..?

KLAGE på vedtak om stadnamnet «Selfallet»
Sak 20/02342-38 hjå Kartverket

Som Erlend Trones skriv: «...heller konkludera med at spørsmålet ikkje lèt seg endeleg avklara.»
Kvifor gir de då staden eit heilt nytt namn? Utan tradisjon?
Eg kan garantera dykk, at her har ikkje stått ei seljebusk her etter kristus fødsel i allefall.
Det er rett og slett tøv. Ingen har nokonsinne høyrd om noko sel eller lite hus her heller.
Ingen!

"Han må reknast som godt innarbeidd sidan han no har vore brukt i adressenamnet på eit stort bustadfelt i mange år....." "Difor er det òg mest praktisk å vidareføra Selfallet som skrivemåte, som har vore i offentleg bruk sidan det fyrste vedtaket vart gjort for 19 år sidan.»
Dette er jo dykkar skuld! Før desse 19 åra vart det skriva og uttala SEILFALDET i langt over hundrede år.
Hadde ikkje de rota dette til, hadde det framleis vore skriven på den måten som tradisjonen og den nedervde historia fortener. Kva som er mest «praktisk» etter ein slik fadese bør på ingen måte vektleggast.

Me har for lenge sidan innsett at det har gått prestisje for enkelte i denne saka.
Og «de høye herrer» rår.
Men det er jo løgn at uttalen javnt over var «Selfadle»! Jau, kanskje nokon uttala det slik, men ingen av dei som hadde tilknytning til denne plassen gjorde det!

Nei, karar. Dette er rett og slett simpelt arbeid. Og at eg ikkje fekk tilsendt vedtaket, etter alle epostar eg har sendt til dykk for å purre eit svar, det seier sitt.
Her har de ikkje hatt eit ope sinn, de ser kun prestisje. Eg kan ikkje sei eg er svært overaska, men skuffa over arrogansen, det er eg.

Det er kun eit namn, og det er jo berre ein bagatell - tenker mange.
Men det er det urettferdige som irriterar meg noko heilt grenselaust. Det er haldninga dykkar.
Det bør ikkje vera slik at ein helst bør leiga inn ein advokat for at ikkje tradisjonsrike stadnamn forsvinn på grunn av eit markeringsbehov hjå aldrande menn som har studert litt for lenge på universitetet.
Hadde det vore gjort - hadde kanskje fleire røyster vorte høyrd.
Dei forstod ikkje - den gongen - kor viktig det var å få fram at uttalen var seilfalle/seilfaddle/seilfaldet.
Og ingen forklarte det til dei heller.

Paragraf 1:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skrift form som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Paragraf 2:

I denne lova tyder:

nedervd stadnamn, stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar

Paragraf 3:

Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

Paragraf 4:

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.

To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

A) det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde

B) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde

C) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene.

ML Møn

13. des. 2021 kl. 10:03 skrev Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>:

Hei!

Me gjorde vedtak i denne saka 21.10.2021. Har du ikkje fått melding om vedtaket?

Me hadde rekna med at kommunen kunngjorde vedtaket lokalt då dei fekk brev om det, slik det står i vedtaksbrevet, og me trudde difor at du var gjord kjend med det.

Legg det ved her, slik at du har det. Du har gjort rett i å fylgja opp saka. Me har rett nok brukt ti månader på saka, men me har teke henne so snart som me har makta. Mange adresseringsprosjekt hjå kommunane saman med stor aktivitet elles på fagfeltet har gjeve oss ganske mykje å gjera på stadnamnfeltet dei siste åra, og difor har vedtakssakene teke lengre tid enn vanleg.

Mvh.

Erlend Trones

Kartverket

Fra: Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>

Sendt: måndag 13. desember 2021 01:39

Til: Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>

Emne: Fwd: Seilfaldet eller Seilfallet .. eller Segl.. ..?

God jul!

Eg starta dette arbeidet i 2010.

Det er 11 år sidan.

Eg veit at de håpar at eg går lei.

Det gjer eg ikkje.

Aldri.

For dette er urettvist..

Og slikt er eg dårleg på.
Det vart ikkje gjort på den måten stadnamnlova er tilsikta.
Eg ventar på svar.
Frå deg.
Vonleg før jul, som du skreiv for ein del år attende.

ML

Fra: Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>
Dato: 16. juli 2021 kl. 19:01:04 CEST
Til: Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>
Emne: SV: Seilfaldet eller Seilfallet .. eller Segl... ..?

Hei!
Eg hadde ei lita von om å få gjort denne saka ferdig før eg tok ferie, men det lét seg diverre ikkje gjera. Men saka er ikkje gløymd, og ho skal få høg prioritet når eg er attende i midten av august, slik at me får kome i mål.

God sommar!

Mvh.
Erlend Trones
Kartverket

Fra: Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>
Sendt: søndag 11. juli 2021 20:19
Til: Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>
Kopi: Kjell Erik Steinbru <kjell.erik.steinbru@sprakradet.no>; Gunnstein Akselberg <Gunnstein.Akselberg@uib.no>
Emne: Re: Seilfaldet eller Seilfallet .. eller Segl... ..?

God sommar! :)

Kall meg klegg eller blodigle, men i urettviset sitt namn kjempar eg saka.
For her har uttalen sett seg til på feil måte, og det er trist. Svært trist. Dette har vore ei stor missforståing med triste konsekvensar.

ML

Sendt fra min iPhone

22. mar. 2021 kl. 11:27 skrev Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>:

Tusen takk for oppdatering.

Sendt fra min iPhone

22. mar. 2021 kl. 09:59 skrev Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>:

Hei!

Språkrådet gav oss tilråding i denne saka 20. januar i år. Kartverket tek sikte på å gjera vedtak før 1. juni.

Med venleg helsing

<image003.png>

Erlend Trones
namneansvarleg
Eigedomsdivisjonen
Tlf.: 32 11 86 43
E-post: erlend.trones@kartverket.no

Tlf. Kartverket: 32 11 80 00
www.kartverket.no

Fra: Mai-Liss Møn <lissmai@icloud.com>
Sendt: søndag 21. mars 2021 16:31
Til: Kjell Erik Steinbru <kjell.erik.steinbru@sprakradet.no>; Erlend Trones <Erlend.Trones@kartverket.no>; Gunnstein Akselberg <Gunnstein.Akselberg@uib.no>
Emne: Re: Seilfaldet eller Seilfallet .. eller Segl...??

Hei

Med tanke på tidlegare «progresjon» av saksgang, velger eg å følge opp.

Me snakkar om svært mange år, og eg er usikker på kva de har arbeida med i alle desse åra.

Korleis går det med saka?

Sender ved bilete frå Seilfaldet/Seglfallet/Seilfallet, frå gamalt av, og frå stova mi i dag.

Eg tenker at folk bør få vite om dette, dersom det ikkje vert fortgang i denne saka.

For her er historia iferd med å verta øydelagd, det er dykkar fortенeste, og heilt sørgeleg.

Eg ber om snarleg svar.

Mai-Liss

<image001.jpg>

<image002.jpg>

Hei!

Du stiller eit svært godt spørsmål, Kjell Erik. Det var dette spørsmålet det heile starta med. Byggefeltet her skulle byggjast, kommunen vart forvirra av dei tre ulike måtene å skriva namnet på, og søkte råd. Det skulle dei ikkje gjort, for dei tre variantene vart

byta ut med eit nytt namn.

Dei som i førre runde budde her (i 2002) protesterte mot det dei trudde var endring av etternamnet deira, noko som ikkje har noko med saka å gjere. Difor vart heller ikkje dei rette argumenta (til dømes uttale) lagt fram. Dei kunne ikkje forstå at måten ein sa namnet på skulle ha noko å sei for korleis ein skreiv det.

Eg snakka med fleire som hadde røter frå denne plassen, og dei var djupt skaka over avgjerda som vart gjort (side 17 i rapporten). Diverre har saka drege ut i tid, og mange av dei er no vekke.

Om Seilfaldet, Seglfallet eller Seilfallet er rett, er ikkje godt å sei. Difor hadde ikkje velforeininga noko spesielt krav eller ynskje. Målet vårt den gong var å protestera mot dei ukjende og ulogiske forklaringane bak det nye namnet på denne staden her ute i havgapet. Og me ville påpeika at dei rette personane ikkje vart spurde/fekk fram informasjon om nedverd uttale og lokal historie som har gått i arv i generasjon etter generasjon. Eg som var leiar i velforeininga kunne ikkje velje eit av dei tre namna, for det har eg ikkje kompetanse til i ei så komplisert sak.

Det eg ba om var at de skulle følge stadnamnslova, og ikkje fjerna tradisjonane og historia, som alle her på plassen var kjende med.

Det går ikkje an å sidestilla Seilfaldet som ligg ut mot havet, der sentrum ein gong var (Manger kai) og handelen føregjekk og kyrkjefolket gjekk i land, med Selfallet langt oppe på land på Grindheim (me bur på ei øy).

Ser me på skrivemåtane historisk, så er det Seilfallet og Seilfaldet som går att. (Side 5-11 i min rapport). Seglfallet er noko meir ukjent, men svært flott, og kanskje mest rett skriftleg. Det kan vere ei nynorsk rettskriving av Seilfaldet/-fallet, eller det kan vere det opprinnelege namnet.

Om eg kan få uttala meg like fritt som dei andre teoretikarane, kan desse skrivemåtane ha med Damnark sitt styre og deira embetsmenn å gjera? (Side 12 og 18 i rapporten).

Vår protest handla med andre ord ikkje om èin spesiell skrivemåte me skulle ha gjennom. Det var ein protest mot teoriar som ikkje «hang på greip», som førde til eit heilt nytt navn, med ei heilt ny tyding, utan tradisjon på staden.

Utan èit einaste bevis eller dokumentasjon for alle merkelege argument som kom, frå folk utan tilknytning til staden, som påstod at namnet har vore tolka feil av alle folk som har budd her så langt attende som me klarar å komma - til 1865! Men desse visste bedre enn alle andre, tydelegvis.

Slike grunnlause spekulasjonar bør ikkje øydelegge/overkøyre den historia som er her. Historia gjennom minst 6 generasjonar fortel at namnet har med segl og båtfart å gjere. Og det finns ikkje eit einaste skapeleg argument for at dette ikkje stemmer. Det finns heller ikkje snev av eit argument for at seljeskog, eit sèl, høyyonn som fallt utfor eit fall, løvfall eller trefall eller andre uforståelege teoriar skal ha rot i røynda (side 13-14 i rapporten).

Så svaret på spørsmålet ditt er: då me klaga på denne saka, var det fordi «Selfallet» er historielaut. Me ynskjer at den nedverde historia skal leva vidare her ute mot havet, og både Seilfaldet, Seilfallet og Seglfallethjelper til med det. Men Selfallet-navnet har ingenting her å gjere.

Kanskje de skal bla gjennom rapporten min ein gong til?

Etter paragraf 7 bad eg om at saka vart vurdert på nytt:

Paragraf 1:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Paragraf 2:

I denne lova tyder:

nedervd stadnamn, stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar

Paragraf 3:

Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

Paragraf 4:

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.

To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- A) det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- B) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- C) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene.

Til slutt må eg be om lov til å tilføye at eg ser det som betenkeleg at det skulle gå så mange (åtte) år før eg fekk svar. Men kanskje har det no gått så lang tid, at de kan sjå på saka med nye, friske auge. Det er sørgeleg at dette har drege slik ut i tid. Då eg starta arbeidet med dette (i 2010) var eg nyinnflytta i byggefeltet, og her var kanskje 10-12 hus. No er det bortimot 100 hus, med menneske som har blitt vane med å bu på «Selfallet». Mange ser på endringa som ei bokmålsform av Seilfaldet, og er nógde med det, for det høyrer «penere ut». Det har ikkje noko med saka å gjere, men det er sørgeleg å sjå kor fort hundrevis av år med historie forsvinn.

Med helsing frå Mai-Liss Sylta Møn

9. des. 2020 kl. 11:28 skrev Kjell Erik Steinbru <kjell.erik.steinbru@sprakradet.no>:

I dei saksdokumenta som har komme inn frå velforeininga, kan eg ikkje sjå noko eksplisitt om kva skrivemåte foreininga går inn for. Me skulle hatt ei avklaring av dette før me no fører saka vidare. Kva for ein skrivemåte ønskjer foreininga?

Helsing frå

Kjell Erik Steinbru

rådgjevar i stadnamntenesta | seksjonen for språkrøkt og språkrådgeving

55 58 24 11

<image001.png>
www.språkrådet.no

<Vedtak i namnesak 2020-551 – Selfallet – Alver kommune.pdf>